




Foto: VAREANO

Status og råd

ICES har i 2011 oppdatert rådet på sei i november på grunn av toktinformasjonen som vart tilgjengeleg etter at dei første berekningane vart gjort i mai/juni 2011. Dei konstaterer at rekrutteringa i 2006, 2008 og 2009 har vore mellom dei lågaste som nokosinne er observert. Gytebiomassen har i åra 2001–2010 vore høgare enn føre-var-nivået, men er frå 2011 lågare. Samstundes har fiskedøyinga auka, den ligg no rett under føre-var-nivået. På grunn av uklare bestandsgrenser vert sei vest av Skottland og i Nordsjøen/Skagerrak slått saman når ein skal rekna ut bestandsstorleik, fiskedøying og kvote. Ut ifrå eit gjennomsnitt for 1993–1998 vert 90,6 % av fangsten i prognosane fordelt på området Nordsjøen/Skagerrak når kvoten vert delt. Gytebestanden vart rekna til å vere 169 000 tonn i byrjinga av 2011. Noreg og EU har vedteke ein forvaltingsplan som skal stabilisere gytebestanden mellom 200 000 og 300 000 tonn. Planen er evaluert av ICES som fann at den er føre var og kan følgjast. Fangstane i 2012 må vere lågare enn 79 320 tonn i Nordsjøen/Skagerrak og 8230 tonn i området vest for Skottland og Rockall. Dette skal gje ein gytebestand på 183 000 tonn i 2013, og gje ei fiskedøying (0,32) som er litt høgare enn den som sikrar eit høgt langtidsutbytte (0,30). Låg rekruttering og låg individuell vekst viser at produktiviteten har gått ned i bestanden.

Fiskeri

Sei vest for Skottland og sei i Nordsjøen/Skagerrak vert haldne åtskilde i forvaltninga. Seien vest av Skottland vert forvalta av EU åleine. Totalkvota av sei i Nordsjøen/Skagerrak vert delt mellom EU (48 %) og Noreg (52 %) og fastsett gjennom årlege forhandlingar. Partane er einige om ein forvaltingsregel som seier at om lag 1/4 av den bestanden som det kan fiskast på (3 år og eldre fisk) kan fiskast så lenge gytebestanden er over føre-var-nivået. I 2010 var totalkvota 118 000 tonn, men berre 102 543 tonn vart landa. Totalkvota for 2011 var 103 000 tonn (93 318 tonn i Nordsjøen/Skagerrak). Av dette utgjorde den norske kvota 56 613 tonn. Den norske fangsten i 2011 vart om lag 47 000 tonn. Seien vert for det meste teken med trål (ca. 35 500 tonn). Knappe 2 700 tonn er teke med not. Av trålfangstane er nesten 2 400 tonn tekne med flytetrål. I EU vert sei også hovudsakleg teken med trål. Frankrike, Tyskland, Skottland og Danmark dominerer EU sitt fiske.



Utviklinga av fangst for sei i Nordsjøen/Skagerrak og vest av Skottland.

Development of the catch of saithe in the North Sea/Skagerrak and west of Scotland.

I NORDSJØEN/SKAGERRAK OG VEST AV SKOTTLAND

Sei – *Pollachius virens*

Familie: Gadidae (torskefamilien)

Andre namn: Mort, seimort, pale, kod, seikod

Maks storleik: 115 cm og 20 kg

Levetid: 20 år

Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak

Gyteområde: Eggakanten frå vest av Shetland til Vikingbanken

Gytetidspunkt: Februar–mars

Føde: Ungfisk et mest krill, mens eldre et mest fisk

Nøkeltal:

KVOTERÅD FOR 2012: 87 550 tonn

(av dette 79 320 i Nordsjøen/Skagerrak)

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE 2012:

79 320 tonn/41 546 tonn

TOTALFANGST/NORSK FANGST 2010:

102 543 tonn / 53 280 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2008: 331 mill. kroner



Fakta om bestanden:

Nordsjøeseien gyt i februar–mars på djup mellom 150 og 200 meter frå vest av Shetland, Tampen og til Vikingbanken. Larvene driv først sørøver langs vestkanten av Norskerenna, men blir så førde tvers over kyststraumen. Seiyngel finst for det meste på Vestlandet, men av og til dukkar yngelen opp langs Skagerrakkysten, særleg når det er gode årsklassar. Den første tida lever seien i fjæra, men trekk etter kvart ut på djupare vatn. Tidleg vår vandrar svolten unge ut frå kysten over Norskerenna til Nordsjøen. Her et seien framleis ein del krill, men augepål, sild og annan fisk vert meir og meir viktig. Første hausten er seien ca. 20 cm, og som treåring er den 35–40 cm. Seien blir kjønnsmoden fire til seks år gamal. Om vinteren er den kjønnsmodne seien konsentrert på gytefelta vest for Shetland og mellom Shetland, Tampen og Vikingbanken. Umoden sei er konsentrert langs vestkanten av Norskerenna, særleg omkring Statfjordfeltet og ved Egersundbanken og søraustover. Om sommaren finn vi sei over heile Nordsjøplatået nord for ca. 57°N. Ettersom det finst lite eitt og to år gammal sei i Nordsjøen, er bestanden langt mindre utsett for utkast av småfisk enn dei andre botnfiskartane i Nordsjøen. Sei er i hovudsak ein botnfisk, sjølv om den førekjem også i dei frie vassmassane. Stimar av unge sei kan ofte sjåast i dei øvre vasslaga inne ved kysten, mens eldre sei gjerne går djupare. Seien er ein atlantehavsfisk. Vi finn bestandar i Nordsjøen, vest av Skottland, ved Færøyane, Island og langs norskekysten nord for 62°N. Sei kan førekoma så langt sør som til Biscaya. Det er også sei på austkysten av Nord-Amerika. Seien kan vandra mykje på jakt etter mat. Merkeforsøk har vist at det til tider er markant utveksling av fisk mellom dei forskjellige bestandane i det nordaustlege Atlanterhavet.